

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Att. Larissa Dahl

Kulturminnefagleg fråsegn - Dispensasjon frå reguleringsplan – gnr. 106, bnr. 17 - Fanebust - Alver kommune

Vi viser til brev av 28.05.2021 med ovannemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Kulturminnet den Trondhjemske postvei

Vegfar som strekk seg tilbake til førhistorisk tid (bronsealder/jernalder/mellomalder) er ofte vidareutvikla til postveg på eit seinare tidspunkt. Før 1600-talet var det få køyrbare vegar i Norge. Vegfara var stiar og tråkk som blei brukt når folk gjekk eller reiste med hest. Veggen utvikla seg vidare frå å vere tråkk til «Tjodvegar», med ein viss minimumsbredde. Vegfar og vedlikehald av desse er omtalt i fleire skriftlege kjelder frå før 1537, blant anna Magnus Lagabøtes landslov frå 1274.

Vegfaret langs Fanebust er nemnd i forundersøkinga til postvegen «Beskrivelse over den Sikreste og mest bequemme Post Tour mellom Molde og Bergen» frå 1775. Om Fonnebust er det her beskrive «*Fra Fanebust til Lindaas Prestegaard ¼ Miil, findes Vejen i God Stand*». Noko som betyr at postvegen mest sannsynleg er etablert over eit eldre vegfar. Veggen frå Fonnebustsjøen til Lindås er også ein gamal kyrkjeveg for folk som budde kring Fensfjorden og har nok vore i bruk som det sidan mellomalderen.

Omsøkte tiltak

Tiltaket gjeld ny avkjørsle utanfor omsynssona til den Trondhjemske postvei. I kommuneplanen sin arealdel er følgjande føresegn knytt til omsynssona under § 4.2.4, a):

«Heile det historiske veganlegget Den Trondhjemske postvei innanfor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Tiltak som kan gjere skade på postvegen, endra veggen sin karakter eller som utilbørleg skjemmer kulturminnet er ikkje tillat med mindre det ligg føre løyve frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen».

I saker som gjeld postvegen er vår praksis at alle nye tiltak bør etablerast utanfor omsynssona, spesielt gjeld dette der den opprinnelege postvegen er intakt.

Konklusjon

Omsøkte avkjørsle skal plassert utanfor omsynssona til den Trondhjemske postvei. Det same gjeld for oppføring av driftsbygning og etablering av ny veg. Tiltaket er soleis ikkje i konflikt med postvegen.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik

Sigrun Wølstad

fagleiar

seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift